

# ***Rundtuva og Trollvatnet Utmarkslag***

NVE

## **Gjennomgang og revisjon av konsesjonsvilkåra for Istad-vassdraget**

Vi viser til vårt brev av 04.07.2006 der vi bad NVE om at konsesjonane og skjønnnet for Istad Kraft AS si utbygging av Istadvassdraget vart gjennomgått og revidert.

Sameiget Rundtuva og Trollvatnet utmarkslag er ein samanslutning av grunneigarar innafor grensene for den felles utmarka mellom gnr.77-83 i Molde kommune ved Trollvatnet. Laget er eit eigarlag og har delt ansvar i samsvar med andelen i laget. Vedtektene til laget er bestemt ved dom i Romsdal Jordskifterett 30 sept. 2003 gjeldande frå 01.01.2004.

Lagets formål er å samle grunneigarane i området for i fellesskap å forvalte dei felles utmarksressursane på ein måte som skaper auka grunnlag for arbeids- og inntektsmolegheiter innafor ramma av ein langsiktig forvaltning.

Sak konsesjonsrevidering av Istadvassdraget var oppe til diskusjon i årsmøtet til utmarkslaget i 2024 der vedtaket vart som følgjer: «*Konsesjonssak Istadreguleringa; vedtak var at laget held på revisjonskravet frå 2006.*» **På dette grunnlag ber vi NVE følgje opp vårt krav av 04.07.2006 om revidering av vilkåra for regulering av Istadvassdraget.**

Istad 21. jan. 2025

Terje Høystakli

Leiar i Rundtuva og Trollvatnet utmarkslag